

## Felles programstyre for lektorutdanninga

### Protokoll frå møte i felles programstyre for lektorutdanninga

#### Møte 1 23. januar 2024

Tidspunkt: 23.januar 2024, kl. 09.00 - 11.00

Møtestad: Langes gate 3

#### Til stades:

Endre Brunstad (leiar), Liv Eide (PF-PPU), Martin Sjøen (PF-5LU), Kjetil Børhaug (vara, SV), Christian Sæle (HF-AHKR), Sigrid Ørevik (vara, HF-IF), Helga Mannsåker (HF-nordisk), Johan Lie (MN), Guri Reikvam (Bergen kommune, Slåtthaug ungdomsskole), Katrine Aske (studentrepresentant, FIL) Hilde Selbervik (observatør, fagleg praksiskoordinator) og Aud Irene Mehammer (sekretariat, lektorsenteret).

Martin Sjøen deltok via Teams.

**Meldt forfall:** Monica Håkonsli (VLFK), Karine H. Børstad og Thashany Pratheepan (studentrepresentantar frå FIL) og Ranveig Lote (sekretariat, lektorsenteret).

#### Forslag til dagsorden:

##### I Godkjenning av innkalling og dagsorden

Merknad til sak 5/24: den er ikkje er ei vedtakssak og den kjem i frå ikkje frå programstyret for PPU.

Innkallinga blei godkjend.

##### II Godkjenning av protokoll frå møtet 06. september

Protokollen blei godkjend.

#### Saker til eventuelt:

Ingen

#### Vedtakssak

##### Sak 1/24 Studieplanar i ny modell

Medlemmene frå felles programstyre har ingen innvendingar til saksframlegget og framlegg til vedtak.

Det står att ein del arbeid på fakulteta og institutta når det gjeld val av tidspunkt for utveksling. Innhaldet i studieplanen som omhandlar *Delstudium i utlandet* må difor handsamast i ei eiga avklarings sak etter at fakulteta har ferdig stilt sitt arbeid.

#### **Vedtak**

Programstyret ber fakulteta om å følgje opp merknadene til studieplanane frå denne saka, og ber fakulteta om å opprette dei framlagde studieplanane med dei omtalte justeringane.

Studieplanane skal vere gjeldande frå og med studentopptaket 2024.

## **Sak 2/24      Kortpraksis i ny modell – løysingar for fleksible dagar**

MN meiner det for lite fleksibilitet i kortpraksisperioden for tredje semester slik det det kjem fram i framlegg til vedtak, andre avsnitt.

MN vil jobbe for å få til praksisdagar i perioden veke 38-41, men kan ikkje garantere at dei får det til for alle studentar. På bakgrunn av dette føreslår MN å legge inn *fortrinnsvis* i teksten, dvs. «Programstyret støtter alternativ 1 for organisering av kortpraksis i tredje semester, med 5 faste dagar i uke 37 og tre fleksible dagar **fortrinnsvis** i uke 38-40, og at man har en felles organisering av kortpraksisperioden på tvers av lektorutdanningen.»

Medlemmene i felles programstyre har ingen innvendingar til forslaget.

### **Vedtak**

Felles programstyre vedtek revidert framlegg til vedtak:

- Programstyret støtter løsningen for kortpraksis i første semester (PEDA130) med 5 faste dagar i uke 37 og avviking av tre fleksible dagar i uke 38–39, og at man har en felles organisering av kortpraksisperioden på tvers av lektorutdanningen.
- Programstyret støtter alternativ 1 for organisering av kortpraksis i tredje semester, med 5 faste dagar i uke 37 og tre fleksible dagar fortrinnsvis i uke 38–40, og at man har en felles organisering av kortpraksisperioden på tvers av lektorutdanningen.
- Det foretas en evaluering av ordningen etter første gjennomføring, som legges frem for programstyret.

## **Sak 3/24      NOU 2023:27 Et nytt system for kvalitetsutvikling – for elevenes læring og trivsel**

Kommentar som kom fram i møtet handla om *eksamen og nasjonale prøver*. Dersom elevar frå 10. trinn ikkje får erfaringar med eksamen, vil dei miste eit viktig læringspoeng, i og med at ein møter eksamen seinare i skule- og studieløpet.

MN har utarbeida eit eige høyringssvar som dei skal sende inn. Lektorsenteret vil få tilgang til dette for å kunne legge til aktuelle moment inn i høyringsteksten i frå lektorsenteret.

### **Vedtak**

Programstyret vedtek at utkast til høyringstekst om NOU 2023:27 skal danne grunnlag for programstyret sitt høyringsinnspel.

### Orienteringssaker

## **Sak 4/24      Høyring: Forslag til forskrift til ny opplæringslov og forslag til ny forskrift til privatskoleloven.**

Medlemmene i felles programstyre har ingen innspel til saka og tek den til orientering.

## **Sak 5/24      Oppfølging av programevaluering av PPU – kartlegging av emnedimensjonering**

Felles programstyre tek saka til orientering.

### **Sak 6/24      Lærernes dag**

Det er rekordstor påmelding til årets arrangement. Arrangementet har plass til 1700, og 107 står på venteliste.

Det kjem fram at det er ulikskapar mellom korleis vidaregåande- og ungdomskular organiserer seg for *Lærernes dag*. I kommentar frå Bergen kommune blir det vist til at programmet kom litt seint i høve til ungdomskulane si planlegging av dagar.

Felles programstyre tek saka til orientering.

### **Sak 7/24      Lektorutdanningskonferansen ved UiB, 2024**

Lektorutdanningskonferansen blir arrangert på Solstrand 14. og 15. februar. Programmet inneheld innslag om både KI, samarbeid mellom fagdidaktikk, pedagogikk og praksis i tillegg til kampuspraksis, og påmeldinga er allereie fullteikna.

Felles programstyre tek saka til orientering.

### **Sak 8/24      Nytt frå praksisutvalet**

Praksisutvalet diskuterer i desse dagar kriteria og prosess for nye universitetskuleavtalar. Spørsmålet frå praksisutvalet er om UiB ved lektorsenteret skal prolongere dagens avtalar utan særlege endringar, eller utvikle dei til noko meir, og som kan stimulere til samarbeid mellom UiB og skulane ut over praksis. Eit utvida innhald i avtalane vil potensielt krevje resursar, som i seg sjølv er eit moment som må takast omsyn til. Kva ynskjer UiB å få ut av avtalane og kva ynskjer skulane? Det vart vist til at programstyret ønskjer at praksisutvalet kjem med innspel om nettopp desse spørsmåla.

Når praksisutvalet er komen lengre i prosessen, vil felles programstyre få presentert ei eiga saksutgreiing om universitetsskuleavtalar.

Felles programstyre tek saka til orientering.

### **Sak 9/24      Open dag**

Open dag går av stabelen 12. februar. Lektorutdanninga sine to arrangement vil i år vere eit fellesarrangement for alle lektorprogramma. Arrangementa skal haldast på lektorsenteret og det vil vere lektorstudentar som skal stå for storparten av programmet.

Felles programstyre tek saka til orientering.

### **Sak 10/24      Rekruttering**

Felles programstyre tek saka til orientering.

### **Sak 11/24      KI-samarbeid med Vestland fylkeskommune**

Som ein del av KI-samarbeidet har det blitt oppretta eit ambulerande KI-resursteam, til støtte for skulane. Teamet på fire går inn i eit prosjekt som skal gå over 6 månader, og UiB sin representant inn i teamet er Kristin Børte i frå SLATE, som vil få lønnsmidlar frå Dekomp-midlar. Andre samarbeidsprosjekt som har vore drøfta i KI-samarbeidet, er utvikling av digi-emne for skulen.

Felles programstyre tek saka til orientering.